



Uskedelingen Marius Ludvigsen står lengst til venstre på dette bildet av dei fem elevane som vil reise til Guatemala i februar. Dei andre er (mot høgre) Lillian Skåla, Kjersti Skeie Sunde, Tove Roosendaal og Anna Totland Lunestad, (Foto: Magne Fitjar, innsida.no)

Uskedelingen Marius Ludvigsen er ein av dei fem elevane som i to veker i februar ønskjer å dra på studietur til Guatemala for å besøkje venskapsskulen i San Lucas. To lærarar skal vera med og reisebudsjettet for kvar av dei sju ligg på 15.000 kroner.

For å få inn nok pengar, har gruppa bede ulike verksemder i kommunen om økonomisk støtte, melder innsida.no.

Kvart år har skular over heile landet ein dag der alle elevane arbeidar for ei god sak, Men i år har KVV meldt seg ut av denne tradisjonelle Operasjon Dagsverk-dagen, I staden vil elevane samla inn pengar til venskapsskulen.

I 2004 var ein delegasjon frå KVV i San Lucas. Målsettinga for den nye turen er å skapa nærare og meir konkret kontakt med prosjektet dei samlar inn pengar til. Men for at turen skal vera mogeleg, må den også få støtte frå nord/sør-prosjektet, som ligg under NORAD. Om gruppa får denne støtta eller ikkje, vil ikkje vera klart før 16. januar. Målsettinga er å få inn 80.000-90.000 kroner.